



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
047/18	Planutvalet	20.09.2018

Detaljregulering Sandtak Vie - Framlegg for høyring og offentlig ettersyn

Vedlegg i saka:

14.08.2018	SV: Sandtak Vie- endring av plandokument	296177
06.09.2018	Planomtale med ROS og føresegner Sandtak Vie 27.06.2018 (L)(445518)	304049
14.08.2018	143220080002_Sandtak-Vie_flyfto_rev_27-06-2018	296176
12.02.2018	Multiconsult - stabil avslutning av masseuttak 14.nov 2012	271787
12.02.2018	Rapport frå kulturhistorisk registrering 03.01.12	271790
12.02.2018	Sandtak Vie planprogram rev 08.10.09.pdf(47070)	271791
12.02.2018	Sandtak Vie- Detaljregulering-3D bilder	271794
14.06.2018	Detaljregulering Sandtak Vie - Framlegg for høyring og offentleg ettersyn	283043

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I samsvar med Plan- og bygningslova § 12-10, vert ikkje detaljregulering Sandtak Vie med plankart dagsett 27.06.2018 og føresegner sist revidert 27.06.2018, sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn.

Det vert rådd til at det blir utarbeidd eit nytt forslag som berre tek føre seg særleg del av planforslaget.

20.09.2018 Planutvalet

Handsaming:

Rådmannen fremja eit justert framlegg til vedtak:

"I samsvar med Plan- og bygningslova § 12-10, vert detaljregulering Sandtak Vie med plankart dagsett 27.06.2018 og føresegner sist revidert 27.06.2018, sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn med vilkår om at:

- Før vedtak vert det innarbeidd ei føresegn som sikrar at etappe 1 av sanduttaket vert avslutta og ferdigstilt før uttak av etappe 2 vert starta.

- Siste endringar i plan, føresegner og planomtale vert lagt til grunn for det vidare arbeidet."

Rådmannen sitt justerte framlegg vart **samrøystes vedteke**

PLAN-047/18 Vedtak:

I samsvar med Plan- og bygningslova § 12-10, vert detaljregulering Sandtak Vie med plankart dagsett 27.06.2018 og føresegner sist revidert 27.06.2018, sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn med vilkår om at:

- Før vedtak vert det innarbeidd ei føresegn som sikrar at etappe 1 av sanduttaket vert avslutta og ferdigstilt før uttak av etappe 2 vert starta.
- Siste endringar i plan, føresegner og planomtale vert lagt til grunn for det vidare arbeidet."

Bakgrunn for saka:

Nordplan AS har på vegne av Magne Hafstad AS utarbeidd ein reguleringsplan for Sandtak Vie. Planmaterialet inneheld planprogram datert 08.10.2009, framlegg til reguleringsføresegner, plankart, planomtale, ROS-analyse og utgreiingar gjort i høve kulturminne og av ei stabil avslutning av masseuttaket. Planomtalen inneheld bilete, kart og illustrasjonar som viser området både slik det ser ut i dag og korleis det vil bli sjåande ut med dei planlagde tiltaka.

Planframlegget var til politisk handsaming i planutvalet 14.06.2018. Det vart vedteke at planforslaget ikkje skulle sendast på høyring og offentleg ettersyn:

I samsvar med Plan- og bygningslova § 12-10, vert ikkje detaljregulering Sandtak Vie med plankart dagsett 07.02.2018 og føresegner sist revidert 07.02.2018, sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

Det vert rådd til at det blir utarbeidd eit nytt forslag som berre tek føre seg særleg del av planforslaget.

Etter å ha gjort mindre endringar i planforslaget ønskjer tiltakshavar å ha det opp til ny politisk handsaming.

Planframlegget skal handsamast etter plan- og bygningslova (PBL) § 12-3. Planutvalet tek stilling til om framlegget stettar dei krav som er stilt til ein reguleringsplan, og eventuelt sende den ut på høyring og offentleg ettersyn.

Saksutgreiing:

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for masseuttak og arrondering med tanke på bustadbygging som etterbruk. Planområdet har eit samla areal på 181 dekar (daa).

Endringane som er gjort i planforslaget er:

- Etappefordelinga er endra i pkt. 6.10 planomtale. Det er no tre etappar for masseuttak, ikkje berre to.
- «Steinbrot» er fjerna frå føresegner og plankart.
 - Det er lagt inn landbruksareal (LL5) mellom veg og Jølstra i vest i plankartet.

I førre saksutgreiing peika rådmannen på ei alvorleg konflikt med kulturminner i nordlege del av planforslaget. I kommuneplanen er det lagt inn omsynssoner over

desse kulturminna, og fylkeskommunen har signalisert at dei vil gje motsegn til planforslaget dersom planforslaget vart lagt fram med masseuttak i nordleg del.

Rådmannen peikar på at Førde har fleire masseuttak med tilgjengelege ressursar som kan levere i mange år fram i tid. Dette saman med varsel om motsegn vart det rådd til å ikkje leggje planforslaget ut på høyring og offentleg ettersyn.

Endringane som er gjort tek ikkje føre seg desse utfordringane, og rådmannen ser difor ingen grunn til å endre på vedtaket som er gjort tidlegare.

Førde, den 06.09.2018

Lise Mari Haugen
Rådmann

Odd Harry Strømsli
Plan og byggesjef